



Vest-Telemarkrådet

Stortingets transport- og kommunikasjonskomite
0026 Oslo

25. april 2017

E134 – Prioritert hovudvegsamband mellom austlandet og vestlandet

Vest-Telemarktinget støttar dei 2 hovudprioriteringane til Telemark fylkeskommune: E134 Haukelivegen og jernbane gjennom søndre Vestfold. For jernbanen må det setjast av midlar til reguleringsplanlegging for dobbeltspor-parsell mellom Tønsberg og Larvik i fyrste 6-årsperioden minst på storleik med etatanes grunnlagsdokument som er 820 av i alt 1 920 mill.

Vi viser til aust-vestutgreiinga der Samferdselsdepartementet og Regjeringa har konkludert med at E134 skal vera ein av hovudvegane aust-vest.

Aust-vestutgreiinga sine konklusjonar vart forsterka gjennom KVU for E134 Gvammen – Vågsli og KVU for Gol – Voss. Desse vart seinare stadfesta gjennom KS1.

Vi er derfor forundra over, og ikkje fornøgd med, at konklusjonane og tilrådingane frå Statens vegvesen ikkje er fylgd opp – og særleg at det er ingen satsing i fyrste periode av NTP.


Vi støttar likevel forslaget om deling av prosjektet i 2 byggetrinn og rekkefylgja på desse.

Nøkkelen for det framtidige aust-vestsambandet ligg i å bygge ny og raskare E134 over fjellet. Næringslivet treng det og miljøet treng det - utvikling av nye arbeidsplassar er avhengig av det. Utbygging av Seljestad – Vågsli må derfor gjennomførast raskare enn forslaget i Stortingsmeldinga.

Vår klare fyrsteprioritet er strekningen Seljestad – Røldal. Denne må få byggestart i fyrste periode av denne NTP-en, seinast i 2022/23 som foreslått i grunnlagsdokumentet frå Statens vegvesen.

Vest-Telemarktinget ber transport- og kommunikasjonskomiteen medvirke til byggestart for Røldal – Seljestad i fyrste periode av NTP, gjennom statleg løyving og/eller ein meir offensiv og fleksibel bruk av bompengedelen av finansieringa.

Venleg helsing
Vest-Telemarktinget


Erik Skjervågen
Regionordførar


Kjell Gunnar Heggenes
Regionrådsleiar